

ARBEIDSGRUPPE 26:

Spesialundervisning – omfang og innretning

Tiltaksrapport



1. Mandat

Arbeidsgruppa har som oppdrag å sjå på tiltak ein kan jobbe med slik at fleire elevar kan få tilfredsstillande utbyte av tilpassa opplæring. Vinje kommune nyttar mykje ressursar på einskildvedtak og timar til individuell tilrettelagt opplæring (ITO), (tidlegare omtalt som spesialundervisning eller spes.ped), som ikkje nødvendigvis er det rette for barnet, og ofte utan tilstrekkeleg ynskt effekt. For 2025 viser vedtak på elevar som får individuell tilrettelagt opplæring 11,4%, der årstimar per elev med ITO / spesialundervisning ligg på 204,5 pr elev. ***I Vinjeskulen bruker me heile 24,7 % av timetalet på ITO. Samanliknbare kommunar som Tinn og Stranda bruker høvesvis 9,0 % og 15,7 % medan landet totalt ligg på 18,7 %.*** Statistikken viser òg at vedtak på individuelt tilrettelagt opplæring aukar ved alder. Vinje oppvekst har hatt fokus på tidleg innsats i høve St.meld 6 (2019-2020) over fleire år. Her har eit av måla vore å kome inn med styrkande og inkluderande tiltak som skulle gje ein omvendt statistikk med fallande tal. Dette har ikkje Vinje og landet samla sett fått til. Går ein inn på enkeltkommunar er det nokon som har fått det til. Med Vinjes høge tal må det vere eit klart mål å redusere totaltal ned mot landssnittet og lære av dei kommunane som har lukkast med tidleg innsats og skape ein nedadgåande kurve som gjev mindre behov for spesialundervisning utover i skuleløpet.

Oversikt frå UDIR (GSI) som syner del av elevane som i skuleåret 2025-2026 med enkeltvedtak og ITO

Trinn	Vinje	Telemark	Landet totalt
1.-4. trinn	8,6 %	Tal ikkje tilgjengelege	4,6 %
5.-7. trinn	10,5 %	Tal ikkje tilgjengelege	8,9 %
8.10. trinn	15,4 %	Tal ikkje tilgjengelege	9,9 %
Totalt	11,4 %	6,5 %	7,6 %

I 2024 var prosentandelen på 12,6 % mot 8,0 % nasjonalt. Dette syner ein nedgang i 2025.

Ved god klasseleiing, tidleg kartlegging og tidleg innsats samt god målretta individuell tilpassa opplæring, bør det vere mogleg å snu trenden med aukande spesialundervisningsbehov utover i skuleløpet, slik at me vil kunne få ein omvendt kurve. Altså at me kjem tidleg inn med tiltak som gjer at færre har behov for ITO jo lenger dei kjem ut i skuleløpet. Med kunnskap om kva som fungerer andre stader og med målretta arbeid over tid, bør dette gje grunnlag for stor reduksjon av ressursbruken på dette feltet utan at det går på kvaliteten og rettane til dei elevane dette gjeld.

Arbeidsgruppa er opptatt av dei som har behov for eit vedtak skal ha det, men at det er tiltak ein kan gjere som i større grad kan fokusere på endring av eigen organisering og praksis, enn at fokuset ligg i at det er eleven som har vanskaner. Mange av tiltaka som blir iverksett på eit individnivå kan me gjere på gruppenivå, og det vil truleg kome alle elevane til gode.

2 Organisering og gjennomføring

Gruppa har møttast tre gonger for refleksjon og faktasjekk kring eksisterande situasjon. I tillegg har det vore fleire telefonkonsultasjonar om tal og tiltak. Då med særskilt blick på utfordringsbilete det store omfanget av individuell tilrettelagt opplæring eller spesialundervisning faktisk utgjør i Vinje oppvekst. SSB og GSI har vore viktigaste kjelder. GSI er UDIR si offisielle innrapporteringside - ***Grunnskolen Informasjonssystem***. Me har sett på trendar og utvikling, og me har prøvd å beskrive kva som ligg bak tala og den kulturen me har for ITO i Vinje oppvekst.

Arbeidsgruppas samansetning

Ingvild Skipar	Dagleg leiar, PPT Vest-Telemark	Arbeidsgruppeleder
Anders Sandvik	Kommunalsjef oppvekst	Arbeidsgruppedeltakar
Gisle Bonna Espedalen	Rektor, Åmot skule	Arbeidsgruppedeltakar
Runde Sudbø	Rektor, Edland skule	Arbeidsgruppedeltakar
Aud Lillian Hustveit	Rektor, Rauland skule	Arbeidsgruppedeltakar

3.0 Utgreiing

Når ein elev får individuelt tilrettelagt opplæring har skulen konkludert med at eleven ikkje har tilfredsstillande utbytte av den tilpassa (vanlege) opplæringa. Før ein kjem til denne konklusjonen skal skulen ha jobba med tiltak, elevar på 1-4 trinn skal ha vore gjennom intensivopplæring, ein har moglegheit til å dele i grupper etter nivå, og ein skal vurdere eigen organisering og tilrettelegging. Dette er nedfelt i opplæringslova. Per i dag er det ulik praksis på korleis ein kjem til denne konklusjonen og arbeidsgruppa har bruka tid på å drøfte og kartlegge hovedutfordringane som står til hinder for at ein i større grad kan utvikle ein inkluderande kvardag for fleire. Dette har blitt drøfta:

- Kultur hjå dei tilsette. Mange er vant med "vinjestandard" og mykje ressursar. Det har vorte ein uheldig kultur der mange kan tenkje at det å få inn meir ressursar er løysinga på utfordringa når ein har barn som strever både fagleg og med uro/merksemd.
- Det er behov for ei auka felles forståing kring ny opplæringslov som kom i 2024, med avklaring av roller og ansvar, og kva timar med individuelt tilrettelagt opplæring faktisk betyr
- Det manglar gode nok rutinar på kva ein skal gjere før ein konkluderer med at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte, oppl.l. § 11-2. Desse er under utarbeiding.
- Det manglar gode nok rutinar for intensiv opplæring på 1-4. trinn.
- Samarbeidet mellom tilsette som jobbar på same trinn må bli betre og tettare.
- Det er framleis for lite samarbeid mellom ulike instansar/faggrupper internt i kommunen. Her har me oppretta nye treffpunkt og rutinar.
- Elev og foreldre er i for liten grad med i vurderinga og evalueringa av tilbodet som blir gjeve. Dette er eit klart satsingspunkt frå skulestart 2026.
- Viktig å jobbe med foreldras forståing for kva det betyr å ha ein særrett. PPT vil bidra i dette arbeidet.
- For lite utnytting av dei dyktigaste faglærarane for å styrke undervisninga.

3.1 Beskriving av tiltak

Tiltaka som er skissert er tiltak ein meiner vil vere viktige for å få til ein skulekvardag der fleire elevar kan få tilfredsstillande utbytte innanfor tilpassa opplæring. Det bør i stor grad prioriterast kompetanseheving hjå dei tilsette med auka forståing kring den nye opplæringslova som kom i 2024, for å kunne få til kulturendring i Vinjeskulen om at det ikkje er vedtak og ressursar som oftast er den rette løysinga for elevane. Det viktigaste er godt samarbeid kring riktig tilpassa opplæring.

3.2 Konsekvensar av tiltak

Det er ingen negative konsekvensar av tiltaka som er vurdert. Å rasjonalisere og betre undervisninga generelt og individuell tilrettelagt opplæring spesielt, vil kunne gje færre årsverk, men om ein ser Vinje oppvekst under eitt og naturleg avgang, vil me truleg ikkje måtte seie opp fagutdanna. Tiltaka som blir sett i gong har som hovudmål å utvikle ein meir inkluderande skulekvardag for fleire, og med ynskt effekt vil det redusere vedtak på individuelt tilrettelagt opplæring og vedtak på personleg assistanse (§11-6 og §11-4 i opplæringslova). Dette vil på sikt gje gevinstrealisering med lågare utgifter på individuelt tilrettelagt opplæring som har ein særskild høg kostnad i dag.

Oppsummerande tabell

Namn på tiltak i Arbeidsgruppen	Utdyping av tiltak
1.Redusere talet på elevar med einskildvedtak i høve ITO	Tiltaket i seg sjølv er av slik art at me må sjå på kva for tiltak me må gjere for at dette skal vere realistisk og gjennomførbart. Me har difor sett opp sju deltiltak 1a) til 1g) for å kunne gjennomføre ein prosess for å få ned talet på elevar med einskildvedtak ITO. For skuleåret 2025-26 har Vinjeskulen eit prosenttal på 11,4 % av elevane som har einskildvedtak ITO mot landssnittet på 7,6% . I år utgjer det 48 elevar, og me meiner 35 ville ha vore eit meir nøkternt tal som utgjer 8,2 %.
1a) Tverrfagleg samarbeid	Det blir starta ressursteam på kvar skule. Dette består av rektor, ITO –koordinator, PPT og helse. Møta blir frå 1-1,5 t, ein gong i månaden på kvar eining. PPT har ansvar for å lage årshjul for møtetid, rektor er den som eig møta og har ansvar for agenda og referat.
1b) To-lærer system	Alle rektorane skal sjå på korleis ein kan leggje til rette for to-lærer system i basisfaga. Dersom ein ikkje får det til i alle klasser skal dei sårbare klassene prioriterast. Ein bør då jobbe for at eventuelle vedtak på ITO kan gå inn under denne ressursen, slik at ein òg får ein raud tråd gjennom heile opplæringa for den enkelte eleven.
1c) Plan for kompetanseheving	Lage eit årshjul i samarbeid med PPT på kompetanseheving til alle tilsette. Årshjulet bør innehalde tema som bygger felles forståing kring omgrep i opplæringslova, og kompetanse i tråd med satsinga i LMP – nevrobiologisk forståing
1d) Nye11-2 rutinar	Det må utviklast gode rutinar for ein 11-2 vurdering, slik at alle lærarar veit kva ein skal gjere og kva som forventast før ein kan konkludere med at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av tilpassa opplæring, og behov for ITO.
1e) Intensiv opplæring	Det er gode rutinar for intensiv opplæring på 1. trinn i regi av logoped som jobbar med Stenbråten-metodikken, men det bør følgjast tettare opp av rektor. Det er ikkje system for intensivopplæring i matematikk, eller på dei andre trinna som skulen er plikta til på 1-4 trinn. Dette må ein i samarbeid med PPT utvikle så fort som råd og på tvers av skulane.
1f) Systematisk bruk av sterke lærarar for kompetanseheving	Målet er å utnytte god kompetanse som allereie er på skulen, skape ein kultur for deling, open praksis og kollegarettleing, og heve kvaliteten på undervisninga i alle fag. Høgare kvalitet på undervisninga kan førebyggje vedtak på ITO og famne om fleire elevar. I tillegg er det positivt å heve det ein har som fungerer godt.
1g) Tiltak for PPT	- Bidra til tydelege forventningar til kva ein skal gjere før ei tilvising til PPT - Bidra med kompetanseheving i barnehage og skule– lage felles årshjul - Forvente ny 11-2 vurdering før gjentatt sakkunnig vurdering - Opprette samarbeidssaker i overgang bhg/skule for barn som har hatt sakkunnig vurdering i bhg, istadenfor å automatisk skrive sakkunnig vurdering som følgjer over - Rådgjevar i barnehagen følgjer opp i 1. og 2. klasse med fokus på system og førebyggjande arbeid - Fast kontaktperson på einingane for auka forståing kring drift og organisering
1. Redusere talet på undervisningstimar gjeve som ITO	Ved å legge om og forbetre ordinær tilpassa opplæring, vil me kunne redusere spesialundervisningstimar monaleg. Brorparten av desse timane vil vere direkte innsparing då dei kjem i tillegg til dei ordinære undervisningstimane.

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppas framlegg til tiltak for å nå målsettinga. Tabellen inneheld namn på tiltak, kvalifisert anslag på mogleg innsparing i perioden 2027-30 og føresetnader for at tiltaket skal kunne realiserast i økonomisk innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert
1. Redusere talet på elever med einskildvedtak i høve ITO	0	0	Nærme oss landssnittet kring 8 % av elevgruppa med einskildvedtak ITO. Med dei elevtalsprognosene me har no, vil dette ligge på om lag 34 elevar i Vinjeskulen.
2.Redusere talet på undervisningstimar gjeve som ITO	1462	2774	Det er realistisk å tru at Vinjeskulen gjennom målretta innsats i ordinær undervisning vil kunne redusere delen av timar som går til ITO frå 24,7 % til om lag 17 % over ein fireårsperiode. I skuleåret 2025-26 er det gjeve 388 veketimar på einskildvedtak til ITO Ein skuletime i veka heile året kostar i snitt kr totalt 37 500,- Årleg reduksjon 10% av ITO-timetalet vil me få desse innsparingane: 10 % i 2027 utgjer 39 veketimar = kr 1 462 000,- 10 % i 2028 utgjer 35 veketimar = kr 1 312 000,- 10 % i 2029 utgjer 31 veketimar = kr 1 162 000,- 10 % i 2030 utgjer 29 veketimar = kr 1 087 000,- Målsetting om nytt timetal ITO i 2030 = 254 veketimar ITO

5. Oppsummering av heile arbeidsgruppa

Beskriving	Risiko, konsekvensar og forsvarlegheit
Tiltak 1 er sær samssett og krev målretta arbeid over tid. I dette ligg det også ei forståing av at dagens tal er for høge og at Vinje kommune sjølv sagt må oppfylle lovkrava og gje enkeltelevar det dei har rett på av ITO. Me meiner at det er fleire elevar i Vinjeskulen som i framtida bør fylgje ordinært undervisningsløp. For å oppnå dette, ser me at det er ein rekke deltak me må setje i gang. Dette er arbeid som dreier seg om kulturendring og kompetanseheving som me veit vil ta tid. Vedtak eller konklusjonar endrar ikkje praksis og kultur.	Dette tiltaket bygger på at det er realistisk å endre talgrunnlaget med bakgrunn i at Vinje liknar på resten av landet. Ved gjennomgang av dagens praksis ser me at det med satsing på kompetanse og samhandling skal vere mogleg å gje opplæringstilbod slik at fleire elevar kan fylgje ordinært opplegg. Med små tal som me har i Vinje vil det kunne vere store variasjonar i tal på elevar med ITO-behov, men ein bør kunne ligge nærmare landssnittet over tid. På eit fagleg grunnlag i tett dialog mellom PPT og skuleleiarane bør det difor vere mogleg å
Tiltak 2 kjem som ein konsekvens av tiltak 1.	Timar gjeve på grunnlag av sakkunnige vurderingar og i høve lovmessige einskildvedtak som blir gjeve for tre år av gongen, vil ein måtte fylgje ut vedtakstida. Det er difor ikkje mogleg å vedta nye prosenttal. Derimot ligg det stort potensiale i å kunne gje desse timane meir fleksibelt og berre unntaksvis som ein-til-ein-timar slik all forskning tilrår. Vinjeskulen må uansett sikre at alle elevar får det dei rettmessig har krav på. Dette skal me mellom anna gjere gjennom deltak i tiltak 1. Når me ser på enkeltvedtaka i dag, ser me at desse er delvis utgåande slik at me kan tenkje oss ei gradvis oppjustering av innsparing mot nasjonalt snitt. I inneverande skuleår går 24,7 % av undervisningstimane til einskildvedtak ITO. Om me greier å få ned talet på elevar til 35 eller lågare, vil det også kunne vere mogleg å få ned talet på ITO-timar. Me vil framleis ha høg lærartettleik og vere godt innanfor det som bør vere forsvarleg. Med nemnde reduksjonstempo vil me med utgangspunkt i stipulert totalt timetal i Vinjeskulen i 2030-31 på 1442 undervisningstimar kome ut på ein ITO-andel på 17,6 % . I samband med registreringar i GSI september kvart år vil me få nøyaktige undervegs meldingar på korleis me ligg ann. Truleg er det realistisk at reduksjonen kan bli større og gå endå fortare. Me minner om at Tinn

	og Stranda som er rimeleg samanliknbare med Vinje, gjennom god organisering i dag ligg på 9,0% og 15,7%. Det er difor rimeleg å tru at dette er realistisk, sjølv om det inneber ein reduksjon av ITO-timar på 34,6 % på fire år. Dei 134 veketimane med ITO utgjer om lag 6 årsverk. Truleg vil nokon av desse løyse seg som naturleg avgang og kan sjåst i samanheng med at me må veksle ut ufaglærte med pedagogar. I GSI 2025/ 26 har me 5,83 årsverk undervisning som blir utført av ikkje-pedagogutdanna. (PS: ITO-timar er vanlegvis ikkje knytt til enkeltlærarar.)
--	---

<i>Beløp i 1000 kr</i>	2027	2028	2029	2030
<i>Tiltak</i>	1 462	2 774	2 936	4023